

PROTOKOLL.



Styremøte 7/11

Tid: Laurdag 3 des kl 1600-1800

Sted: Klubbhuset Bømoen, Voss

AGENDA

Sak		Vedlegg	Ansvar
1	Beslutningssaker 1.1 Godkjenning av innkalling 1.2 Godkjenning av protokoll møte 6/11 1.3 Fastsetje dato for årsmøte 2012 1.4 Utpeike representantar for VFSK til styret Ekstreme Voss (Ekstremsportveko) 1.5 Godkjenne arbeidsavtale for Operativ Sjef. 1.6 Godkjenne terminliste for 2012 1.7 Godkjenne kjernestab		MH MH MH MH MH/ER ER ER
2	Orienteringssaker 2.1 Aktivitet <i>DL: Hoppaktivitet 1/9-1/12. Planlagt aktivitet ut januar.</i> 2.2 Økonomi 2.3 Manifestprogram 2.4 Anna frå DL		ER BL BH ER
3.	Diskusjonssaker 3.1 VFF, hester og krutt 3.2 Strategidokument, årsmøte		ER MH
4	Eventuelt. 4.1 Klubbhus		ER

Til stades var: Mathias Holtz, Brede Herheim, Kristine Jordalen
Forfall: Christina Wiig, Birte Lothe, Birgitte Horn
Frå adm.: Even Rokne (DL og referent)

1. Beslutningssaker.

1.1 Godkjenning av innkalling

Innkalling og agenda for møte 7/11 vart godkjent.

1.2 Godkjenning av protokoll møte 6/11

Protokoll frå møte 6/11 ikkje ferdigstilt. **MH** gjer ferdig og sender ut på høyring.

1.3 Fastsetje dato for årsmøte 2012

Årsmøtet 2012 avhaldast laurdag 28 januar i klubbhuset på Bømoen. Innkalling med vedlegg må difor ut seinast 28 des 11.

Styret har kome med innstilling til valgkomite og kontrollkomite.

Rekneskap skal ferdigstillast så langt det går og sendast ut som det føreligg p.t., så vil årsavslutning med tilhøyrande posteringar og evt bilag førast og ettersendast innan årsmøtet.

1.4 Utpeike representantar for VFSK til styret *Ekstreme Voss (Ekstremsportveko)*

Henning Hegbom og **Brede Herheim** vart peikt ut til å halde fram etter eige ynskje.

1.5 Godkjenne arbeidsavtale for Operativ Sjef

Avtale ikkje klar, grunna prioritering av anna arbeid. DL gjorde greie for status. Stilling som Kontorsjef lysast ut i komande medlems-epost, med målsetjing om tilsetjing innan årsmøtet 28/1-12.

1.6 Godkjenne terminliste for 2012

Terminliste for 2012 vart godkjent, med drift frå 28/4 til 26/8 (17 veker).

Fyrste kurs er sett til 28/4 og det vert lagt opp til 14 grunnkurs AFF (alle veker med unntak av ESV, VFF og LSS). Komprimering av dei store arrangementa, og auke i tematiserte tors-sun arrangement retta mot dei mellomferne.

1.7 Godkjenne kjernestab

DL gjorde greie for status organisasjonsplan og kjernestab. Epost med stillingsutlysingar sendast alle medlemmer og tidlegare stab i neste veke.

2. Orienteringssaker

2.1 Aktivitet

DL: Hoppaktivitet 1/9-1/12. Planlagt aktivitet ut januar.

DL orienterte om tre hoppelger sept-nov med helikopter, total 56 hopp.

I tillegg "klubbtur" til Algarve v/**Sjipparen** og Sevilla v/**Lars Geir**.

Klubben har fått to nye Instruktør-1; **Bjørn Magne Bryn** og **Lars Haukom**.

Påtenkt julebord 26/11 kansellert.

Neste er lansering av terminlista, NM på ski 25-29/1, Årsmøte VFSK 28/1 saman med Bergenshopping siste helga i januar.

2.2 Økonomi

KJ orienterte om status. DL samler resten av bilaga og leverer **BL** for ferdigstilling av rekneskap før jul.

Inntekter: *Forsvaret* har gjort opp skuldig beløp til oss, mva-kompensasjon forventast utbetalt medio desember.

Utgifter: *NLF* (250') er beden om utsetjing og splitting av faktura, *Spot On* (258') gjerast opp snarast råd.

Ekstreme Voss (230') gjerast opp ved motfakturering (280'); netto 40000 til VFSK.

DL lager statusrapport og sender styret etter møte med Birte.

2.3 Manifestprogram

Styret ynskjer presentasjon av *DZ manager* primo januar. Innkjøp av nytt manifesteringsprogram skal gjerast innan årsmøtet 28/1-12. Butikkdata vurderast i same runden.

2.4 Anna frå DL

DL orienterte om status og arbeidsoppgåver:

Administrative oppgåver er no fullt ut overteke, Brønnøysund og fullmakter er oppdatert. Klubbhus er overteke og vinterførebuingar gjennomført. P.t. utleige til fem personar på heiltid, vinterkontor er oppretta. Seks gåvekort tandem er solgt, nokre kursførespurnader.

Samtlege grunneigarar me har brukt har fått takkebrev og blomst, grunneigarane rundt Bømoen (naboane) var invitert til møte for avklaring av landingsfelt og informasjon om aktiviteten.

Dialogen og forhandlingane rundt fly er i gang, og **Bjørn Magne Bryn** er i gang som flyansvarleg. Terminlista er no godkjent i styret, og kan offentliggjeras til jul.

Styret tok orienteringen til etterretning

3. Diskusjonssaker.

3.1 VFF, hester og krutt

Fre 2 des 11 var det møte med arrangør av NM fjordhest, som skal skje på Bømoen same veke som VFF. Begge arrangementa er låst til desse datoane, men partane er positive til å finne løysingar, og trur kommunikasjon og fleksibilitet er nøkkelen.

3.2 Strategidokument, årsmøtet

Strategidokumentet reviderast fram mot årsmøtet, fagansvarlege oppdaterer målsetjingar, og styreleiar får dokumentet inn i ny form.

4. Eventuelt

4.1 Klubbhus

DL orienterte om klubbhusovertaking, gjeremål for vinter, status vaktmeister og utleige. Det er trong til mindre innkjøp og nokre investeringar, t.d. varmepumpe (25000,-) og Espelandesrøyr ved vassinntak (10000,-). Dette vert lagt inn i strategidokumentet.

Neste møtedato vart ikkje fastsett.

Even Rokne
DL/Referent